

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Ål kommune, Buskerud

Innholdsfortegnelse

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Ål kommune, Buskerud	1
Innholdsfortegnelse	1

Dato	17.12.2009 nr. 1791
Kategori	OV
Avd/dir	
Publisert	II 2009 hefte 6
Ikrafttredelse	17.12.2009
Sist endret	
Endrer	
Gjelder for	Ål kommune, Buskerud
Hjemmel	LOV-1981-03-13-6-§9, FOR-2001-07-19-1706
Sys-kode	BG08
Næringskode	9129
Kunngjort	07.01.2010 kl. 16.45
Rettet	
Korttittel	Forskrift om brenning av avfall, Ål

Heimel: Fastsett av Ål kommunestyre 17. desember 2009 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 9, jf. delegeringsvedtak 19. juli 2001 nr. 1706.

§ 1. *Føremål*

Føremålet med denne forskrifta er å motverke forureining og helseproblem i kommunen som følge av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

§ 2. *Verkeområde*

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor kommunens grenser.

§ 3. *Definisjonar*

I denne forskrift meinast:

- a) *Open brenning*: all brenning som skjer utandørs.
- b) *Småomnar*: forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå Statens forurensningstilsyn eller Fylkesmannen eller er tillate etter statlege forskrifter etter forureiningsloven.
- c) *Tettbygd strøk*: Husklyngje med fleire enn 7 bustad- og/eller hytteeiningar der avstanden einingane seg imellom ikkje overstig 100 meter.

§ 4. *Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar*

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode, med mindre noko anna følgjer av forskriftas § 5.

§ 5. *Unntak frå forbodet*

Følgjande brenning skal likevel vere lov:

- a) open brenning på grillinnretningar, utepeisar og kaffibål.
- b) brenning av reint trevirke i vedomn.
- c) brenning av avisopapir og liknande i vedomn heime eller på hytta.
- d) bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk.
- e) Sankthansbål.
- f) ranke- og flatebrenning i jord- og skogbruket (må meldast til lokalt brannvesen).
- g) halmbrenning i jordbruket, der naboar er varsla på førehand, skal skje på våren.

h) øvingsbrenning for brannvesenet. Det vert sett som vilkår at brannobjekt i forkant av øvinga vert miljøsanert samt at det skal vere gjeve løyve til riving frå kommunen. For anna øvelsesbrenning skal det nyttast reint trevirke.

Unntaka a-h fritar ikkje den ansvarlege frå generell aktsemd, jf. brannlova § 5, og avgjerda om bålforbod i tida 15. april-15. september, jf. forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn § 8.

§ 6. Dispensasjon

Kommunen kan i særlige tilfeller dispensere frå forbodet i § 4 etter søknad.

§ 7. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med at avgjerdene i denne forskrifta vert halde.

§ 8. Klage

Vedtak truffe av kommunen i medhald av denne forskrifta kan påklagast etter forvaltningslovas § 28.

§ 9. Straff

Brot på denne forskrifta kan føre til straffeansvar jf. forureiningslovas § 78.

§ 10. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.